

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDS DIREKTIV 2012/28/EU

2018/EØS/11/38

av 25. oktober 2012

om ein viss tillaten bruk av hitteverk(*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen, særleg artikkel 53 nr. 1 og artikkel 62 og 114,

med tilvising til framlegget frå Europakommisjonen,

etter oversending av utkast til regelverksakt til dei nasjonale parlamenta,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet⁽¹⁾,

etter den ordinære regelverksprosedyren⁽²⁾ og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Offentleg tilgjengelege, utdanningsinstitusjonar og museum og likeins arkiv, film- eller lydarvinstitusjonar og allmennkringkastingsføretak som er etablerte i medlemsstatane, er i ferd med å gjennomføre ei omfattande digitalisering av samlingane eller arkiva sine for å skipe europeiske digitale bibliotek. Dei medverkar til å ta vare på og spreie den europeiske kulturarven, noko som òg er viktig for å skipe europeiske digitale bibliotek, som til dømes Europeana. Teknologi som vert nytta til massedigitalisering av prenta materiale og til søking og indeksering, aukar forskingsverdien av biblioteksamlingane. Skiping av store nettbaserte bibliotek lettar bruken av elektroniske søkje- og oppdagingsverktøy som gjev nye kjelder til oppdaging for forskarar og akademikarar som elles måtte ha nøgd seg med meir tradisjonelle og analoge søkjemetodar.
- 2) Behovet for å fremje fri utveksling av kunnskap og nyskaping i den indre marknaden utgjer ein viktig del av Europa 2020-strategien, slik det er gjort greie for i meldinga frå Kommisjonen om Europa 2020: ein strategi for intelligent og berekraftig vekst for alle, der utvikling av ein digital dagsorden for Europa er eit av hovudinitiativa.
- 3) Av meldinga frå Kommisjonen om ein digital dagsorden for Europa går det fram at eit av dei grunnleggjande tiltaka i denne digitale dagsordenen går ut på å skape ei rettsleg ramme som kan lette digitalisering og spreiding av såkalla hitteverk, det vil seie verk og anna verna arbeid som har vern gjennom opphavsrett eller nærståande rettar, men der rettshavaren ikkje er identifisert, eller der rettshavaren er identifisert, men

ikkje lokalisert. Dette direktivet er retta mot det særskilde problemet som er knytt til det å fastsetje rettsleg at eit verk har status som hitteverk, og dei følgjene dette får når det gjeld tillatne brukarar og tillaten bruk av verk eller fonogram som vert rekna for å vere hitteverk.

- 4) Dette direktivet rører ikkje ved særskilde løysingar som vert utarbeidde i medlemsstatane for å handtere større utfordringar i samband med massedigitalisering, til dømes når det gjeld verk som ikkje lenger er tilgjengelege i handelen. Slike løysingar tek omsyn til det særlege ved ulike typar av innhald og ulike brukarar, og byggjer på semje mellom dei aktuelle aktørane. Denne haldninga ligg òg til grunn for programfråsegna om hovudprinsippa for å digitalisere og stille til rådvelde verk som ikkje lenger er i handelen, som vart underskriven 20. september 2011 av representantar for europeiske bibliotek, opphavsmenn, forleggjarar og rettshavarorganisasjonar, og stadfesta av Kommisjonen. Dette direktivet rører ikkje ved denne programfråsegna, der medlemsstatane og Kommisjonen vert oppmoda til å syte for at det vert inngått frivillige avtaler mellom brukarar, rettshavarar og organisasjonar som forvaltar kollektive rettar til å lisensiere bruken av verk som ikkje lenger er i handelen, ettersom desse prinsippa kviler på den rettstryggleiken som er naudsynt i ein nasjonal og tverrnasjonal samanheng.
- 5) Opphavsrett er det økonomiske grunnlaget for den kreative industrien, ettersom han stimulerer til nyskaping, skapartrong, investering og produksjon. Massedigitalisering og spreiding av verk er difor ein måte å verne den europeiske kulturarven på. Opphavsrett er eit viktig verktøy som sikar at den kreative sektoren vert løna for arbeidet sitt.
- 6) Rettshavarane sin einerett til eksemplarframstilling av verka sine og anna verna arbeid og til å stille dei til rådvelde for ålmenta, slik det er harmonisert i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/29/EF av 22. mai 2001 om harmonisering av visse sider ved opphavsrett og nærståande rettigheter i informasjons-samfunnet⁽³⁾, gjer det naudsynt med førehandssamtykke frå rettshavarane før eit verk eller anna verna arbeid kan digitaliserast og stillast til rådvelde for ålmenta.
- 7) For hitteverk er det ikkje mogleg å innhente eit slikt førehandssamtykke til å framstille eksemplar eller til å stille verk til rådvelde for ålmenta.
- 8) Medlemsstatane har ulike metodar for å gje eit verk status som hitteverk, og dette kan skape vanskar for verkemåten til den indre marknaden og for bruken av og

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 299 av 27.10.2012, s. 5, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 29/2015 av 25. februar 2015 om endring av EØS-avtalens vedlegg XVII (Opphavsrett), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 21 av 7.4.2016, s. 38.

(¹) TEU C 376 av 22.12.2011, s. 66.

(²) Haldning frå Europaparlamentet av 13. september 2012 (enno ikkje kunngjort i TEU) og rådsavgjerd av 4. oktober 2012.

(³) TEF L 167 av 22.6.2001, s. 10.

den tverrnasjonale tilgangen til hitteverk. Slike ulike metodar kan òg avgrense den frie rørsle for varer og tenester med kulturelt innhald. Difor er det viktig å syte for ei innbyrdes godkjenning av ein slik status, ettersom dette vil gje tilgang til hitteverk i alle medlemsstatane.

- 9) Det er naudsynt med ein felles metode for å fastsetje om eit verk har status som hitteverk, og for kva som er tillaten bruk av hitteverk, særleg for å skape retts-tryggleik på den indre marknaden når det gjeld bruk av hitteverk i offentleg tilgjengelege bibliotek, utdannings-institusjonar og museum og likeins i arkiv, film- eller lydarvinstitusjonar og allmennkringkastingsføretak.
- 10) Filmverk eller audiovisuelle verk og fonogram som finst i arkiva til allmennkringkastingsføretak og er produserte av desse føretaka, omfattar hitteverk. Ettersom kringkastingsføretak har ein spesiell posisjon som produsentar av fonogram og audiovisuelt materiale, og ettersom det er behov for å vedta tiltak som avgrensar fenomenet hitteverk i framtida, bør det fastsetjast ein sluttdato for bruken av dette direktivet på verk og fonogram i arkiva til kringkastingsføretak.
- 11) For føremåla med dette direktivet bør filmverk, audiovisuelle verk og fonogram som finst i arkiva til allmennkringkastingsføretak og er produserte av desse føretaka, reknast for å omfatte filmverk, audiovisuelle verk og fonogram som er tinga av slike føretak for bruk med einerett, anten av desse føretaka eller av andre samproduserande allmennkringkastingsføretak. Filmverk, audiovisuelle verk og fonogram som finst i arkiva til allmennkringkastingsføretak, og som ikkje er produserte eller tinga av slike føretak, men som desse føretaka har fått løyve til å nytte gjennom ei lisensavtale, bør ikkje høyre inn under verkeområdet for dette direktivet.
- 12) Av omsyn til venskapleg internasjonalt samkvem bør dette direktivet berre nyttast på verk og fonogram som først er vortne utjevne på territoriet til ein medlemsstat, eller, dersom dei ikkje er utjevne, som først er vortne kringkasta på territoriet til ein medlemsstat, eller, dersom dei verken er utjevne eller kringkasta, som med samtykke frå rettshavarane er gjorde tilgjengelege for ålmenta av dei organisasjonane som er omfatta av dette direktivet. I det sistnemnde tilfellet bør dette direktivet nyttast berre dersom det er rimeleg å gå ut ifrå at rettshavarane ikkje vil motsetje seg den bruken som vert tillaten ved dette direktivet.
- 13) Før eit verk eller fonogram vert rekna som eit hitteverk, bør det i god tru utførast eit omfattande søk etter rettshavarane til verket eller fonogrammet, medrekna rettshavarar til verk og anna verna arbeid som er knytte til eller inngår i verket eller fonogrammet. Medlemsstatane bør kunne fastsetje at slike omfattande søk kan utførast av dei organisasjonane som er nemnde i dette direktivet, eller av andre organisasjonar. Slike andre

organisasjonar kan krevje betaling for å utføre eit omfattande søk.

- 14) Det bør innførast ein harmonisert metode for slike omfattande søk, for dermed å sikre eit høgt nivå for vern av opphavsretten og nærståande rettar i Unionen. I samsvar med dette direktivet bør eit omfattande søk innebære søking i kjelder som inneheld opplysningar om verka og anna verna arbeid, slik det er fastsett av medlemsstaten der det omfattande søket skal utførast. Dermed kan medlemsstatane vise til dei retningslinjene for omfattande søk som vart vedtekne av ekspertgruppa for digitale bibliotek, som vart skipa som ein del av i2010-initiativet til digitale bibliotek.
- 15) For å unngå dobbeltarbeid bør eit omfattande søk utførast i medlemsstaten der verket eller fonogrammet først vart utgjeve, eller dersom det ikkje er utgjeve, der det først vart kringkasta. For filmverk eller audiovisuelle verk med ein produsent som har hovudkontor eller vanlegvis er busett i ein medlemsstat, bør det omfattande søket utførast i denne medlemsstaten. Dersom filmverk eller audiovisuelle verk er samproduserte av produsentar som er etablerte i ulike medlemsstatar, bør det omfattande søket utførast i kvar av desse medlemsstatane. For verk og fonogram som verken er utjevne eller kringkasta, men som med samtykke frå rettshavarane er gjorde tilgjengelege for ålmenta av dei organisasjonane som er omfatta av dette direktivet, bør det omfattande søket utførast i medlemsstaten der organisasjonen som med samtykke frå rettshavaren har gjort verket eller fonogrammet tilgjengeleg for ålmenta, er etablert. Omfattande søk etter rettshavarane til verk og anna verna arbeid som er knytte til eller inngår i eit verk eller fonogram, bør utførast i medlemsstaten der det omfattande søket etter verket eller fonogrammet som inneheld det tilknytte eller innarbeidde verket eller anna verna arbeid, er utført. Informasjonskjelder som er tilgjengelege i andre statar, bør òg nyttast dersom det ligg føre dokumentasjon som tyder på at det finst relevante opplysningar om rettshavarane i desse andre statane. Omfattande søk kan føre til at det vert skaffa fram ulike typar opplysningar, til dømes ein rapport om det utførte søket og om søkjeresultatet. Rapporten om utførte søk bør arkiverast slik at den organisasjonen som det gjeld, kan dokumentere at det er utført eit omfattande søk.
- 16) Medlemsstatane bør syte for at dei aktuelle organisasjonane fører register over dei omfattande søka, og at resultata av slike søk, særleg funn som tilseier at eit verk eller fonogram skal reknast som eit hitteverk slik det er definert i dette direktivet, og dessutan opplysningar om statusendringa og om korleis desse organisasjonane nyttar hitteverk, vert samla inn og stilte til rådvelde for ålmenta, særleg ved å registrere relevante opplysningar i ein nettbasert database. Med tanke på den felleseuropeiske dimensjonen, men òg for å unngå dobbeltarbeid, bør det utarbeidast føresegner om å skipe ein felles nettbasert database i Unionen som inneheld

slike opplysningar, og om å gjere opplysningane lett tilgjengelege for ålmenta. På denne måten kan både rettshavarane og organisasjonane som utfører omfattande søk, enkelt få tilgang til slike opplysningar. Databasen kan òg spele ei viktig rolle for å hindre og stanse eventuelle krenkingar av opphavsretten, særleg dersom hitteverksstatusen til verka og fonogramma skulle verte endra. I medhald av forordning (EU) nr. 386/2012⁽¹⁾ skal Kontoret for harmonisering i den indre marknaden (heretter kalla «Kontoret») ha ansvaret for visse oppgåver og aktivitetar som vert finansierte med eigne budsjettmidlar, og har som mål å lette og støtte aktivitetane til dei nasjonale styresmaktene, den private sektoren og institusjonane til Unionen for å kjempe mot og førebyggje krenking av immaterialrettar.

I medhald av artikkel 2 nr. 1 bokstav g) i den nemnde forordninga går desse oppgåvene særleg ut på å fastsetje ordningar som medverkar til å betre den nettbaserte utvekslinga av relevante opplysningar mellom styresmaktene i dei aktuelle medlemsstatane, og å fremje samarbeidet mellom desse styresmaktene. Difor bør det vere Kontoret som opprettar og forvaltar den europeiske databasen med opplysningar om hitteverk som er nemnde i dette direktivet.

- 17) Eit visst verk eller fonogram kan ha fleire rettshavarar, og verka og fonogramma kan òg innehalde andre verk eller anna verna arbeid. Dette direktivet bør ikkje røre ved rettane til identifiserte og lokaliserte rettshavarar. Dersom minst éin rettshavar er identifisert og lokalisert, bør eit verk eller fonogram ikkje reknast som hitteverk. Dei organisasjonane som er omfatta av dette direktivet, bør kunne nytte eit verk eller fonogram der ein eller fleire av rettshavarane ikkje er identifiserte eller lokaliserte, berre dersom dei rettshavarane som er identifiserte og lokaliserte, medrekna rettshavarar til verk og anna verna arbeid som er knytte til eller inngår i verka eller fonogramma, har gjeve dei løyve til å framstille eksemplar og stille verket eller fonogrammet til rådvelde for ålmenta slik det er nemnt i høvesvis artikkel 2 og 3 i direktiv 2001/29/EF. Rettshavarar som er identifiserte og lokaliserte, kan gje slikt løyve berre i høve til rettar som dei sjølve har, anten fordi rettane er deira eigne eller fordi rettane er vortne overførte til dei, og dei bør ikkje kunne gje løyve i medhald av dette direktivet til noka form for bruk på vegner av rettshavarar som ikkje er identifiserte og lokaliserte. Når rettshavarar som ikkje tidlegare er vortne identifiserte eller lokaliserte, på tilsvarande måte melder seg for å gjere krav på retten til verket eller fonogrammet, kan dei organisasjonane som er omfatta av direktivet, halde fram med å nytte verket eller fonogrammet på lovleg vis

berre dersom desse rettshavarane gjev løyve til det i medhald av direktiv 2001/29/EF, i høve til rettane dei har.

- 18) Rettshavarar bør ha rett til å oppheve statusen som hitteverk dersom dei melder seg for å gjere krav på retten til verket eller anna verna arbeid. I medhald av dette direktivet bør rettshavarar som opphevar statusen som hitteverk for eit verk eller anna verna arbeid, få ein rimeleg kompensasjon for bruken av verket eller anna verna arbeid, og kompensasjonen skal fastsetjast av medlemsstaten der den organisasjonen som nyttar hitteverket, er etablert. Medlemsstatane bør sjølve kunne avgjere korleis ein slik kompensasjon skal utbetalast, og likeins tidspunktet for utbetalinga. Når det skal fastsetjast eit mogleg og rimeleg kompensasjonsnivå, bør det mellom anna takast omsyn til dei kulturfremjande måla i medlemsstatane, til den ikkje-kommersielle bruken i dei aktuelle organisasjonane for å nå mål som tener dei allmenntilgjenglege føremåla deira, til dømes for å fremje læring og kulturformidling, og til den moglege skaden som rettshavarane kan påførast.
- 19) Dersom eit verk eller fonogram ved ein feil vert rekna for å vere eit hitteverk som følgje av at søket ikkje var omfattande nok, er det likevel mogleg å nytte den klageretten som ligg i lovgevinga til medlemsstatane om krenking av opphavsretten, slik det er fastsett i samsvar med relevante nasjonale føresegner og unionsretten.
- 20) For å fremje læring og kulturformidling bør medlemsstatane innføre eit unntak eller ei avgrensing i tillegg til dei unntaka og avgrensingane som er nemnde i artikkel 5 i direktiv 2001/29/EF. Eit slikt unntak eller ei slik avgrensing skal gjere det mogleg for visse organisasjonar, slik det er nemnt i artikkel 5 nr. 2 bokstav c) i direktiv 2001/29/EF, og for ideelle film- og lydarvinstitusjonar og likeins for allmennkringkastingsføretak, å framstille eksemplar og stille hitteverk til rådvelde for ålmenta, slik det er fastsett i det nemnde direktivet, på det vilkåret at slik bruk er knytt til allmenntilgjenglege oppgåver, særleg bevaring og restaurering av samlingane deira, medrekna digitale samlingar, og tilgjengeleggjering av samlingane for kultur- og utdanningsføremål. For føremåla med dette direktivet bør film- eller lydarvinstitusjonar omfatte organisasjonar som er utpeikte av medlemsstatane til å samle inn, katalogisere, ta vare på og restaurere filmar og andre audiovisuelle verk eller fonogram som utgjer ein del av kulturarven i medlemsstatane. For føremåla med dette direktivet bør allmennkringkastingsføretak omfatte kringkastingsføretak med eit allment ansvarsområde som er tildelt, definert og organisert av kvar medlemsstat. Unntaket eller avgrensinga som vert innført ved dette direktivet for å gje løyve til bruk av hitteverk, rører ikkje ved dei unntaka og avgrensingane som er fastsette i artikkel 5 i direktiv 2001/29/EF. Unntaket eller avgrensinga kan nyttast berre i visse særskilde

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 386/2012 av 19. april 2012 om tildeling av oppgåver til Kontoret for harmonisering i den indre marknaden (varemerke og mønster) i samband med handheving av immaterialrettar, medrekna samling av representantar frå den offentlege og private sektoren i eit europeisk senter for observasjon av krenking av immaterialrettar (TEU L 129 av 16.5.2012, s. 1).

tilfelle som ikkje er i strid med normal utnytting av verket eller anna verna arbeid, og som ikkje gjer urimelege inngrep i dei legitime interessene til rettshavaren.

rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje dette direktivet lenger enn det som er naudsynt for å nå dette målet —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Føremål og verkeområde

- 21) For å stimulere til digitalisering bør dei organisasjonane som er omfatta av dette direktivet, kunne generere inntekter når dei i høve til eigen bruk og i medhald av dette direktivet nyttar hitteverk for å nå mål som tener dei allmennyttige føremåla deira, òg innanfor ramma av avtaler om offentleg-private partnerskap.
- 22) Digitalisering av den europeiske kulturarven kan fremjast gjennom avtalefesta ordningar, og når det gjeld bruk som er tillaten i medhald av dette direktivet, inneber dette at offentleg tilgjengelege bibliotek, utdanningsinstitusjonar og museum og likeins arkiv, film- eller lydarvinstitusjonar og allmennkringkastingsføretak, bør kunne inngå avtaler med kommersielle partnarar for å digitalisere hitteverk og stille dei til rådvelde for ålmenta. Desse avtalene kan omfatte finansielle bidrag frå slike partnarar. Slike avtaler bør ikkje leggje restriksjonar på dei organisasjonane som er omfatta av direktivet, når det gjeld bruken deira av hitteverk, og dei bør ikkje gje kommersielle partnarar rett til å nytte eller kontrollere bruken av hitteverka.
- 23) For å gje borgarane i Unionen betre tilgang til den europeiske kulturarven er det òg naudsynt å syte for at hitteverk som er digitaliserte og stilte til rådvelde for ålmenta i éin medlemsstat, òg kan stillast til rådvelde for ålmenta i andre medlemsstatar. Offentleg tilgjengelege bibliotek, utdanningsinstitusjonar og museum, og likeins arkiv, film- eller lydarvinstitusjonar og allmennkringkastingsføretak, som nyttar eit hitteverk for å nå mål som tener dei allmennyttige føremåla deira, bør kunne stille hitteverket til rådvelde for ålmenta i andre medlemsstatar.
- 24) Dette direktivet rører ikkje ved ordningar i medlemsstatane for forvalting av rettar, til dømes avtalelisensar, legalpresumpsjonar om representasjon eller overføring av rettar, kollektiv forvalting eller tilsvarande ordningar eller ein kombinasjon av desse, mellom anna for massedigitalisering.
- 25) Ettersom målet for dette direktivet, som er å sikre rettstryggleik når det gjeld bruken av hitteverk, ikkje kan nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane og difor, på grunn av behovet for samsvarande reglar om bruken av hitteverk, betre kan nåast på unionsplan, kan Unionen vedta tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten om Den europeiske unionen. I samsvar med prinsippet om

1. Dette direktivet gjeld visse former for bruk av hitteverk i offentleg tilgjengelege bibliotek, utdanningsinstitusjonar og museum og likeins i arkiv, film- eller lydarvinstitusjonar og allmennkringkastingsføretak som er etablerte i medlemsstatane, for å nå mål som tener dei allmennyttige føremåla deira.

2. Dette direktivet skal nyttast på

- a) verk som er utgjevne i form av bøker, journalar, aviser, blad eller i anna skriftleg form, og som finst i samlingane til offentleg tilgjengelege bibliotek, utdanningsinstitusjonar eller museum og likeins i samlingane til arkiv eller til film- eller lydarvinstitusjonar,
- b) filmverk eller audiovisuelle verk og fonogram som finst i samlingane til offentleg tilgjengelege bibliotek, utdanningsinstitusjonar eller museum og likeins i samlingane til arkiv eller til film- eller lydarvinstitusjonar, og
- c) filmverk eller audiovisuelle verk og fonogram som er produserte av allmennkringkastingsføretak til og med 31. desember 2002, og som finst i arkiva deira,

som har vern gjennom opphavsrett eller nærståande rettar, og som først er vortne utgjevne i ein medlemsstat, eller dersom dei ikkje er utgjevne, som først vart kringkasta i ein medlemsstat.

3. Dette direktivet skal òg nyttast på verk og fonogram som er nemnde i nr. 2, og som ikkje er vortne utgjevne eller kringkasta, men som med samtykke frå rettshavarane er gjorde tilgjengelege for ålmenta av dei organisasjonane som er nemnde i nr. 1, på det vilkåret at det er rimeleg å tru at rettshavarane ikkje vil motsetje seg dei formene for bruk som er nemnde i artikkel 6. Medlemsstatane kan avgrense bruken av dette nummeret til å gjelde verk og fonogram som er vortne overlatne til desse organisasjonane før 29. oktober 2014.

4. Dette direktivet skal òg nyttast på verk og anna verna arbeid som er knytte til eller inngår i eller utgjer ein integrert del av dei verka eller fonogramma som er nemnde i nr. 2 og 3.

5. Dette direktivet rører ikkje ved ordningar som gjeld forvalting av rettar på nasjonalt plan.

Artikkel 2

Hitteverk

1. Eit verk eller fonogram skal reknast som eit hitteverk dersom ingen av rettshavarane til verket eller fonogrammet er identifiserte, eller dersom ein eller fleire av dei er identifiserte, men ikkje lokaliserte, trass i at det er utført og registrert omfattande søk etter rettshavarar i samsvar med artikkel 3.

2. Dersom det er fleire enn ein rettshavar til eit verk eller fonogram, og ikkje alle desse er identifiserte, eller dersom dei er identifiserte, men ikkje lokaliserte etter at det er utført eit omfattande søk i samsvar med artikkel 3, kan verket eller fonogrammet nyttast i samsvar med dette direktivet på det vilkåret at dei rettshavarane som er identifiserte og lokaliserte, i høve til rettane som dei har, har gjeve dei organisasjonane som er nemnde i artikkel 1 nr. 1, løyve til å framstille eksemplar og stille verket til rådvelde for ålmenta slik det er fastsett i høvesvis artikkel 2 og 3 i direktiv 2001/29/EF.

3. Nr. 2 skal ikkje røre ved dei rettane som identifiserte og lokaliserte rettshavarar har til verket eller fonogrammet.

4. Artikkel 5 skal nyttast tilsvarende på rettshavarar som ikkje er identifiserte og lokaliserte til dei verka som er nemnde i nr. 2.

5. Dette direktivet skal ikkje røre ved nasjonale føresegner om anonyme eller pseudonyme verk.

Artikkel 3

Omfattande søk

1. Når det skal fastsetjast om eit verk eller fonogram er eit hitteverk, skal dei organisasjonane som er nemnde i artikkel 1 nr. 1, syte for at det for kvart verk eller anna verna arbeid i god tru vert utført eit omfattande søk i dei kjeldene som er eigna for den aktuelle kategorien av verk og anna verna arbeid. Det omfattande søket skal utførast før verket eller fonogrammet vert teke i bruk.

2. Kvar medlemsstat skal, i samråd med rettshavarar og brukarar, fastsetje kva kjelder som er eigna for kvar kategori av aktuelle verk eller fonogram, og skal minst omfatte dei relevante kjeldene som er oppførte i vedlegget.

3. Det skal utførast eit omfattande søk i medlemsstaten der verket først vart utgjeve, eller dersom det ikkje er utgjeve, der det først vart kringkasta, med unntak av filmverk eller audiovisuelle verk der produsenten har hovudkontoret sitt eller vanlegvis er busett i ein medlemsstat; i slike tilfelle skal det omfattande søket utførast i medlemsstaten der produsenten har hovudkontoret sitt eller vanlegvis er busett.

I det tilfellet som er nemnt i artikkel 1 nr. 3, skal det omfattande søket utførast i medlemsstaten der den organisasjonen som med samtykke frå rettshavaren gjorde verket eller fonogrammet offentleg tilgjengeleg, er etablert.

4. Dersom det finst dokumentasjon som tyder på at det kan finnast relevante opplysningar om rettshavarar i andre statar, skal det òg utførast søk i informasjonskjelder i desse statane.

5. Medlemsstatane skal syte for at dei organisasjonane som er nemnde i artikkel 1 nr. 1, fører register over dei omfattande søka, og at dei legg fram følgjande opplysningar for dei rette nasjonale styresmaktene:

- a) resultata av dei omfattande søka som organisasjonane har utført, og som har ført til den konklusjonen at eit verk eller fonogram skal reknast som eit hitteverk,
- b) korleis organisasjonane nyttar hitteverk i samsvar med dette direktivet,
- c) eventuelle endringar, i medhald av artikkel 5, i hitteverks-statusen til verk og fonogram som organisasjonane nyttar,
- d) relevante kontaktopplysningar om den aktuelle organisasjonen.

6. Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at dei opplysningane som er nemnde i nr. 5, vert registrerte i ein felles nettbasert database som er tilgjengeleg for ålmenta, og som er oppretta og forvalta av Kontoret for harmonisering i den indre marknaden («Kontoret») i samsvar med forordning (EU) nr. 386/2012. For dette føremålet skal dei straks sende over til Kontoret dei opplysningane dei får frå dei organisasjonane som er nemnde i artikkel 1 nr. 1.

Artikkel 4

Innbyrdes godkjenning av status som hitteverk

Eit verk eller fonogram som i samsvar med artikkel 2 vert rekna som eit hitteverk i ein medlemsstat, skal reknast som eit hitteverk i alle medlemsstatane. I samsvar med dette direktivet kan eit slikt verk eller fonogram nyttast og gjerast tilgjengeleg i alle medlemsstatar. Dette gjeld òg verk og fonogram som er nemnde i artikkel 2 nr. 2, i den grad dette gjeld rettane til rettshavarar som ikkje er identifiserte eller ikkje er lokaliserte.

Artikkel 5

Oppheving av status som hitteverk

Medlemsstatane skal syte for at ein rettshavar til eit verk eller fonogram som vert rekna som eit hitteverk, når som helst skal kunne oppheve statusen som hitteverk i kraft av sine egne rettar.

Artikkel 6

Tillaten bruk av hitteverk

1. Medlemsstatane skal fastsetje eit unntak eller ei avgrensing av retten til eksemplarframstilling og retten til å stille verk til rådvelde for ålmenta, slik det er fastsett i høvesvis artikkel 2 og 3 i direktiv 2001/29/EF, for å sikre at dei organisasjonane som er nemnde i artikkel 1 nr. 1, har løyve til å nytte hitteverk som finst i samlingane deira, på følgjande måtar:

- a) ved å stille hitteverket til rådvelde for ålmenta, slik det er definert i artikkel 3 i direktiv 2001/29/EF,
- b) ved eksemplarframstilling, slik det er definert i artikkel 2 i direktiv 2001/29/EF, med sikte på å digitalisere, stille til rådvelde, indeksere, katalogisere, bevare eller restaurere.

2. Dei organisasjonane som er nemnde i artikkel 1 nr. 1, skal nytte hitteverk i samsvar med nr. 1 i denne artikkelen berre for å nå mål som tener dei allmennyttige føremåla deira, særleg bevaring og restaurering av verk og fonogram som finst i samlingane deira, og for å gjere dei tilgjengelege for kultur- og utdanningsføremål. Slik bruk kan generere inntekter for organisasjonane, men desse inntektene skal berre nyttast til å dekkje kostnader i samband med digitaliseringa av hitteverk og arbeidet med å stille dei til rådvelde for ålmenta.

3. Medlemsstatane skal syte for at dei organisasjonane som er nemnde i artikkel 1 nr. 1, ved all bruk av eit hitteverk opplyser om namnet på opphavsmenn og andre rettshavarar som er identifiserte.

4. Dette direktivet rører ikkje ved den retten slike organisasjonar har til å inngå avtaler som tener dei allmennyttige føremåla deira, særleg avtaler om offentleg-private partnerskap.

5. Medlemsstatane skal syte for at rettshavarar som opphevar statusen som hitteverk for verka sine eller for anna verna arbeid, i samsvar med nr. 1 i denne artikkelen skal få ein rimeleg kompensasjon for at organisasjonane som er nemnde i artikkel 1 nr. 1, har nytta slike verk og anna verna arbeid. Medlemsstatane skal sjølve kunne avgjere korleis ein slik kompensasjon skal utbetalast. Storleiken på kompensasjonen skal fastsetjast innanfor rammene av unionsretten, i samsvar med lovgjevinga i medlemsstaten der organisasjonen som nyttar hitteverket, er etablert.

Artikkel 7

Vidareføring av andre lovføresegner

Dette direktivet skal ikkje røre ved føresegner som særleg gjeld patentrettar, varemerke, mønsterrettar, bruksmønster, krinsmønster for halvleiarprodukt, typografiske skrifttypar, vilkårleg tilgang, tilgang til kabeloverføring av kringkastings-tenester, vern av nasjonalskattar, krav til pliktavlevering, lovgjeving om konkurranseavgrensande avtaler og illojal konkurranse, forretningsløyndommar, tryggleik, fortruleg handsaming, datasikring og personvern, tilgang til offentlege dokument, avtalerett og reglar som gjeld pressefridom og ytringsfridom i media.

Artikkel 8

Tidspunkt for ibruktaking

1. Dette direktivet skal nyttast på alle verk og fonogram som er nemnde i artikkel 1, og som er verna av lovgjevinga i medlemsstatane på området opphavsrett frå og med 29. oktober 2014.

2. Dette direktivet skal ikkje røre ved handlingar som er utførte og rettar som er oppnådde før 29. oktober 2014.

Artikkel 9

Innarbeiding i nasjonal lovgjeving

1. Medlemsstatane skal innan 29. oktober 2014 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks sende Kommisjonen teksta til desse føresegnene.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 10

Revisjonsklausul

Kommisjonen skal følgje utviklinga jamleg når det gjeld kjeldene til opplysningar om rettar, og skal innan 29. oktober 2015 og deretter ein gong kvart år leggje fram ein rapport om ei eventuell utviding av verkeområdet for direktivet til å gjelde forleggjarar og andre verk eller anna verna arbeid som på dette tidspunktet ikkje er omfatta av direktivet, særleg einskilte fotografi og andre bilete.

Kommisjonen skal innan 29. oktober 2015 leggje fram ein rapport for Europaparlamentet, Rådet og Det europeiske økonomi- og sosialutvalet om bruken av dette direktivet, sett i lys av utviklinga av digitale bibliotek.

Dersom det er naudsynt, og særleg for å sikre verkemåten til den indre marknaden, skal Kommisjonen gjere framlegg til endring av dette direktivet.

Dersom ein medlemsstat har gyldige grunnar til å meine at gjennomføringa av dette direktivet vil vere til hinder for ei av dei nasjonale ordningane for forvalting av rettar som er nemnde i artikkel 1 nr. 5, kan han leggje dette fram for Kommisjonen saman med all relevant dokumentasjon. Kommisjonen skal ta omsyn til slik dokumentasjon når han utarbeider den rapporten som er nemnd i andre leddet i denne artikkelen, og når han vurderer om det er naudsynt å gjere framlegg til endring av dette direktivet.

Artikkel 11

Iverksetjing

Dette direktivet tek til å gjelde dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

*Artikkel 12***Adressatar**

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Strasbourg 25. oktober 2012.

For Europaparlamentet

M. SCHULZ

President

For Rådet

A. D. MAVROYIANNIS

Formann

VEDLEGG

Dei kjeldene som er nemnde i artikkel 3 nr. 2, omfattar følgjande:

1. For utgjevne bøker:
 - a) pliktavlevering, bibliotekskatalogar og autorisasjonslister som finst i bibliotek og i andre institusjonar,
 - b) forleggjar- og opphavsmannssamanslutningar i den aktuelle staten,
 - c) eksisterande databasar og register, WATCH (*Writers, Artists and their Copyright Holders*), ISBN (*International Standard Book Number*) og databasar over prenta bøker,
 - d) databasane til aktuelle rettshavarorganisasjonar, særleg organisasjonar som forvaltar rettar til eksemplarframstilling,
 - e) kjelder som integrerer fleire databasar og register, medrekna VIAF (*Virtual International Authority Files*) og ARROW (*Accessible Registries of Rights Information and Orphan Works*).
 2. For aviser, blad, journalar og tidsskrift:
 - a) ISSN (*International Standard Serial Number*) for tidsskrift,
 - b) indeksar og katalogar frå biblioteka sine kartotek og andre samlingar,
 - c) pliktavlevering,
 - d) forleggjar-, opphavsmanns- og journalistsamanslutningar i den aktuelle staten,
 - e) databasane til aktuelle rettshavarorganisasjonar, medrekna organisasjonar som forvaltar rettar til eksemplarframstilling.
 3. For visuelle verk, medrekna kunst, fotografi, illustrasjonar, design, arkitektur, skisser av dei sistnemnde verka og andre slike verk som finst i bøker, journalar, aviser og blad eller i andre verk:
 - a) kjeldene som er nemnde i punkt 1 og 2,
 - b) databasane til aktuelle rettshavarorganisasjonar, særleg for biletkunst, og medrekna organisasjonar som forvaltar rettar til eksemplarframstilling,
 - c) databasane til bilethyrå, der det er relevant.
 - 4) For audiovisuelle verk og fonogram:
 - a) pliktavlevering,
 - b) produsentsamanslutningar i den aktuelle staten,
 - c) databasane til film- eller lydarvinstitusjonar og nasjonalbibliotek,
 - d) databasar med relevante standardar og identifikatorar, til dømes ISAN (*International Standard Audiovisual Number*) for audiovisuelle verk, ISWC (*International Standard Music Work Code*) for musikkverk og ISRC (*International Standard Recording Code*) for fonogram,
 - e) databasane til aktuelle rettshavarorganisasjonar, særleg for opphavsmenn, utøvande kunstnarar, fonogramprodusentar og produsentar av audiovisuelle verk,
 - f) opplysningar om medverkande og annan informasjon som vert vist på emballasjen til verket,
 - g) databasane til andre aktuelle samanslutningar som representerer ein særskild kategori av rettshavarar.
-